

Avtale for realisering av  
reguleringsplan for Oddalsmyra industriområde, planid: 20070100  
mellan  
Osterøy kommune  
og  
Odalsmyra AS og Osterøy Entreprenør AS.

**1. Avtalen sitt føremål**

Avtalen er inngått i samband med utbygging av eigedom gnr 4 bnr 120, 122, og 139.

Avtalen skal sikre opparbeiding og utbygging av infrastruktur som føresett i føresegnene til reguleringsplan for Oddalsmyra industriområde med planid: 20070100.

**2. Partar**

Osterøy kommune, Rådhusplassen, 5282 Lonevåg, org. nr. 864.338.712.

Utbyggjar:

- Oddalsmyra AS, c/o Lerøy Metallindustri AS, 5282 Lonevåg, org. nr. 893 418 342.
- Osterøy Entreprenør AS, Næringsparken, Hauge, 5281 Valestradsfossen, org. nr. 958 154 003

**3. Tilhøyrande dokument**

- 3.1. Reguleringsplan med føresegner.
- 3.2. VA-rammeplan for Oddalsmyra Næringspark, rev. 3, datert 04.02.16.
- 3.3. Lengdeprofil og tverrprofiler av heving kommunal veg, som løysing for mjuke trafikantar. Dokumentar utarbeida av utbyggjar.
- 3.4. VA-norm for Osterøy Kommune. Hentast frå [www.va-norm.no](http://www.va-norm.no)

**4. Rekkefølgjekrav, ansvar og finansiering**

- 4.1. Det er ein føresetnad at utbygging av området skjer i samsvar med den godkjente reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner.
- 4.2. Utbyggjar skal koste alle tiltak som er skrivne i reguleringsplanen om ikkje anna blir nemnt i denne avtale.
- 4.3. Utbyggjar er ansvarleg for å opprette ei felles velforeining som skal ha ansvar for vedlikehald av felles VA-leidningar, overvass-system, samt drift og vedlikehald av felles vegar og park-belter i planområdet. Utbyggjar er ansvarleg for at den enkelte grunneigar hefter for kostnadane knytt til ei slik velforeining, og at grunneigarane i velforeininga har organisert seg i ei form for solidarisk selskap.



- 4.4. Utbyggar er ansvarleg for at det i tilknyting til bensinstasjonen i planområdet vert etablert anlegg for tøyning av toalett og gråvannstank frå campingbilar etc.
- 4.5. Utbyggar har ansvaret for opparbeiding av VA-anlegg frå eksisterande leidningsnett fram til ny kum S07/V06 angitt i VA-rammeplan rev. 3, datert 04.02.16.  
Vassleidningane med tilhøyrande kummar skal ha den dimensjon som går fram av VA-rammeplan rev. 3, og skal opparbeidast etter Osterøy kommune si VA-norm. Sjå vedlegg jf. pkt. 3.4.
- 4.6. Utbyggar er ansvarleg for prosjektering, utføring og sluttføring av opparbeiding av VA-anlegg i samsvar med pkt. 4.5 i denne avtale, og ber all risiko i samband med dette.
- 4.7. Osterøy kommune gjer eit tilskot på kr. 600.000,- eks mva, likevel med ei øvre avgrensing på 25% av dokumenterte totalkostnadene, for opparbeiding av nedre del av VA-anlegget S17 – S07, i samsvar med pkt. 4.5 i denne avtale. Vert totalkostnadane eks. mva, for dette tiltaket mindre enn stipulert, vert tilskotet redusert tilsvarende.
- 4.8. Osterøy kommune gjer eit tilskot på kr. 400.000,- eks mva, likevel med ei øvre avgrensing på 50% av dokumenterte totalkostnadene, for opparbeiding av øvre del av VA-anlegget S17 – kryss til Kleivlandsli, i samsvar med pkt. 4.5 i denne avtale. Vert totalkostnadene eks. mva, for dette tiltaket mindre enn stipulert, vert tilskotet redusert tilsvarende.
- 4.9 Utbyggar har ansvaret for tilrettelegging av tilkomst for mjuke trafikantar langs kommunal veg på nord/aust sida av industriområdet, samt gangveg/sykkelveg frå kommunal veg og inn til internt vegsystem i næringsområdet, og utfører alt arbeid med levering, mottak, planering og komprimering av steinmassar i samband dette. Likeså etablerer utbyggar stikkrenner, steinmurar og støypekantar i den grad dette er naudsynt. Sjå vedlegg pkt.3.3. Arbeidet med tilrettelegging av tilkomst for mjuke trafikantar skal gjennomførast i samband med legging av VA-leidningar i grunn jf. vedlegg pkt. 3.3. Veglys inngår ikkje i dette tiltaket, men det skal leggjast til rette for veglys med naudsynte trekkerøy i grøft både for kommunal veg og for gangveg/sykkelveg frå kommunal veg og inn til internt vegsystem i næringsområdet. Sjå vedlegg jf. pkt. 3.3. Både kommunal veg og gangveg/sykkelveg inn til internt vegsystem i næringsområdet skal utarbeidast komplett med asfaltdekke og universell utforming.
- 4.9. Utbyggar er ansvarleg for prosjektering, utføring og sluttføring av arbeidet med å legge til rette for mjuke trafikantar i samsvar med pkt. 4.9 i denne avtale, og ber all risiko i samband med dette.
- 4.10. Osterøy kommune gjer eit tilskot på kr. 1.500.000,- eks mva, likevel med ei øvre avgrensing på 50% av dokumenterte totalkostnadene, for tilrettelegging av tilkomst for mjuke trafikantar på kommunal veg i samsvar med pkt. 4.9. Vert totalkostnadene eks. mva, for dette tiltaket mindre enn stipulert, vert tilskotet redusert tilsvarende. Osterøy kommune gjer ikkje tilskot til gangveg/sykkelveg. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskot for kommunal veg, at også gangveg/sykkelveg er ferdigstilt.



- 4.11. Ein grunnleggjande føresetnad for utbetaling av offentlege midlar er at anskaffinga vert gjort i samsvar med lov om offentlege anskaffingar og tilhøyrande forskrift. Det betyr at kommunen sitt tilskot ikkje kan overstige 50 % av dokumenterte kostnader for å bygge VA-anlegg, samt heving av veg. Blir totalkostnadane mindre enn stipulert, vil tilskotet verte redusert tilsvarende.
- 4.12. Utbyggjar har ansvar for eventuelle grunnavtalar i samband med utbygging av VA-anlegg og tilrettelegging for mjuke trafikantar i samsvar med denne avtalen, samt å vidareføre desse til kommunen der dette er aktuelt.
- 4.13. Osterøy kommune overtek VA infrastruktur som nemnt i punkt 4.5 mot framtidig drift og vedlikehald. Osterøy kommune ved Kommunal drift skal godkjenne planane før igangsetting og godkjenne anlegga før overtaking.
- 4.14. Kommunen overfører tilskot til VA-anlegg ved overtaking av dei aktuelle VA-anlegga. Kommunen overfører tilskot til løysing for mjuke trafikantar når ferdigattest for det aktuelle tiltaket føreligg. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskot at dei aktuelle tiltaka er ferdigstilt innan 3 år etter at endeleg vedtak i heradstyret om gyldigheita av denne avtale føreligg. Det skal utarbeidast ein eigen avtale med presiseringar knytt til betaling av tilskot.

#### 4 Transport av avtalen

Utbyggjar kan overdra sine rettar og pliktar i medhald av utbyggingsavtalen med etterhald om at dei som overtek, aksepterer utbyggingsavtalen som grunnlag for igjenståande utvikling av området. Det er eit vilkår for overdraging at Osterøy kommune får skrifteleg stadfesting om at utbyggjar ynskjer å tre ut av avtalen, og at den som overtek avtalen skrifteleg aksepterer denne. Det er like så eit vilkår for overdraging at ny utbyggjar vert skrifteleg godkjend av Osterøy kommune.

Dersom utbyggjar går konkurs eller vert insolvent, vert pliktar og rettar etter denne avtale overført til ny utbyggjar/eigar. Ny utbyggjar skal skrifteleg godkjennast av Osterøy kommune.

#### 5 Tilbod

Innhaldet i denne avtalen er eit samla tilbod, og kan ikkje delast opp. Utbyggjar må dermed akseptera avtalen i sin heilskap, eller avslå avtalen i sin heilskap.

#### 6 Varighet


Avtalen har same varighet som godkjent reguleringsplan.

#### 7 Twistar

Eventuell tvist mellom partane med utspring i denne avtalen, der partane ikkje maktar å komme fram til ei minneleg løysing, skal avgjerast ved dei ordinære domstolane.

#### 8 Politisk godkjenning.

Det vert teke etterhald om at Osterøy heradstyre godkjenner avtalen.



**9 Sakshandsaming.**

Osterøy kommune vil legge avtalen ut på høyring, og elles fylge sakshandsamingsreglane for utbyggingsavtale.

**10 Avtalen**

Avtalen er utforda i fire – 4 – stk eksemplar, eit til kvar av partane, og eit til tinglysing.

Dato: 3/11/17 Stad: Læreniq

Sigrun Hennint

Osterøy kommune



Dato: 21/6 <sup>16</sup> Stad: Haugesund

Jeannefossen

Dato: 21/6-16 Stad: Haugesund

Nik Shijuring

Vedlegg 1: Reguleringsplankart og føresegner vedteke av Osterøy Heradstyre 21.05.2008.

Vedlegg 2: VA-rammeplan for Oddalsmyra Næringspark, rev. 3, datert 04.02.16.

Vedlegg 3: Lengdeprofiler og tverrprofiler av heving kommunal veg, som løysing for mjuke trafikantar. Dokumentar utarbeida av utbyggjar.